



## MØTEPROTOKOLL

---

|                  |                               |
|------------------|-------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Levekårsutvalet               |
| <b>Møtedato:</b> | 21.11.2024                    |
| <b>Møtetid:</b>  | 09:00 - -13:45                |
| <b>Møtestad:</b> | Austrheim samfunnshus, Kafeen |

---

### Frammøtte faste medlemmer

| Namn              | Rolle  | Parti | Merknad |
|-------------------|--------|-------|---------|
| Per Lerøy         | leder  | AP    |         |
| Lisbeth Oen       | medlem | INP   |         |
| Linda Brandtun    | medlem | U     |         |
| Inger Lise Brekke | medlem | H     |         |
| Helge Dyrkolbotn  | medlem | U     |         |

### Faste medlemmer som ikkje møtte

| Namn                    | Rolle | Parti |
|-------------------------|-------|-------|
| Bjarte Næss             | MEDL  | SP    |
| Renee Hansen Semmingsen | MEDL  | SAM   |

### Frammøtte varamedlemmer

| Namn | Rolle | Parti | Merknad |
|------|-------|-------|---------|
|------|-------|-------|---------|

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

|                      |              |
|----------------------|--------------|
| Ketil Tjore          | møtesekretær |
| Anne Hildegunn Færøy | kommunalsjef |
| Trine Merete Jansen  | kommunalsjef |

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsløiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.  
Ketil Tjore, møtesekretær

## Sakliste

| Saksnummer | Sakstittel                                                                                          | Unntak frå innsyn |
|------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------|
| PS 35/2024 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                               |                   |
| PS 36/2024 | Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 30. september 2024                               |                   |
| OS 9/2024  | Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 21. november.                                     |                   |
| PS 37/2024 | Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 - innspel                                                    |                   |
| PS 38/2024 | Val av vararepresentant - medlem til arbeidsgruppe for vurdering av ny plassering av motorcrossbana |                   |
| PS 39/2024 | Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.                 |                   |

## PS 35/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 35/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Utvalseiar Per Lerøy spurte om det er OK å ta med ei ekstra sak i møtet: "PS 29/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ". Denne var lagt til 20. november, dagen før møtet.

Utvalet sa ja til dette.

Utvalseiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 35/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

PS 36/2024 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 30. september 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Møteprotokollen frå 30. september 2024 vert godkjent.

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 36/2024 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 30. september 2024:

Linda Brandtun sa at når referata er mindre omfattande, er det viktig at ein ev. ber om at kommentaren blir protokollført.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:  
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 36/2024 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 30. september 2024:

Møteprotokollen frå 30. september 2024 vert godkjent.

OS 9/2024 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 21. november.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:  
Levekårsutvalet tek orienteringane til vitande.

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 9/2024 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 21. november.:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy sa at det vert jobba med konkurransegrunnlag for forprosjektet for helse- og omsorgstun.

Startar med eit dialogmøte der interesserte/inviterte kan fortelja om korleis dei ser for seg å jobba med dette, dialogmøtet vil gje vidare grunnlag for arbeidet. Målet er å ha eit rapport frå forprosjektet klart til 31. mai 2025. Prioritert er alternativ 1 med supplement av noko frå alternativ 2, for å halda seg innanfor ramma på 180 millionar kroner. Går for løysingar som gjev tilskot frå Husbanken, men det er anna tilskot for rehabilitering enn nybygg. Går i dialog med Helse Bergen om ein ev. ambulansestasjon

I samband med dette er det viktig å ha avklara tomt, difor kjem det opp ei sak om tomt i utvalet her i dag. Alternativa er ei løysing med bruk av dagens Nordliheimen, eller eit heilt nytt bygg. Det er dei to løpa ein ønskjer å utgreia vidare, og spørsmålet om tomt er då kva tomt ein ønskjer å ta med i det vidare utgreiingsarbeidet av dei to alternativa.

Utvalet spurte om involvering frå ulike grupper, og medverknadsråda, Færøy sa at ein vil ta med innspel frå dei som skal jobba med tenestene, og råd og andre i tråd med den modellen som gjeld for kommunen.

---

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om søknad om barnehageplass frå Austebygd-krinsen i Alver, etter at den barnehagen er innstilt nedlagt. Det kan vera tale om 10-12 nye barn, og ein har sett litt på kostnader og effektar om det kjem 6 barn under 3 år og 6 barn over 3 år. I Austrheim har ein jobba aktivt med organisering i det siste for å betra situasjonen i barnehagane, ser at det er gode resultat på dette.

Med bakgrunn i arbeidet som er gjort for å få stabilitet i barnehagane legg ein opp til at ein seier nei til søknader frå Alver, med mindre foreldra har konkrete planar om å flytta til

Austrheim. Ser at dei overføringane barna vil ta med seg frå Alver heller ikkje vil dekkja dei kostnadene som Austrheim vil ha med desse borna. Må også ta litt plass i beredskap slik at det er noko å gå på for ev. innflyttarar til kommunen og flyktningfamiliar med born i barnehagealder.

Helge Dyrkolbotn spurte om kapasiteten i dag, Jansen svara at det er areal nok, men bemanninga er ikkje større enn den må vera med dei borna som kjem inn i barnehagane før og etter jul.

Inger Lise Brekke, Linda Brandtun og Per Lerøy støtta dei vurderingane som er gjort.

---

Per Lerøy orienterte om møtet i regi av Pensjonistforbundet den 20. november, om ulike bustadprosjekt som har livsløpsstandard. Bjørn Rune Markhus/ Markhus Bygg er eitt av prosjekta, med 33 leilegheiter. Dette er eit privat prosjekt, men med moglegheit for tilvisingsavtale med kommunen, som då vil kvalifisera for lån frå Husbanken. Tilvisingsavtale er betre for kommunen enn lånegaranti, sidan lånegarantiar vil sperre for andre investeringar som kommunen skal låna til.

Av andre prosjekt har V2 bygg fleire bygg på gang (tomannsbustader).

I tillegg jobbar stiftinga Furuly, som har 12 leilegheiter i dag, med rehabilitering av dei eldste bustadene dei har for å få desse opp til livsløpsstandard. Stiftinga har også ei nabotomt som kan brukast til å bygga fleire bustader, men det må nok vera ein avtale med kommunen om desse før det kan bli realisert. For å kunna bu i Furuly skal ein vera over 60 år, og vera busett i Austrheim kommune.

Sætremarka eig eit areal som kan brukast til nye bustader, og i forkant av Sætremarka eig kommunen eit areal som også kan brukast til utbygging av bustader.

---

Det vart diskutert i utvalet at det er heldig på fleire måtar å få realisert nye bustader i nærleiken av kommunesenteret, der dei som bur der kjem tett på ulike tilbod, det kan skapa meir gjennomtrekk i bustadmarknaden i kommunen og skaffa ledige bustader til innflyttarar, og for dei som treng kommunale tenester er det kostnadssparande at dei ligg sentralt i kommunen.

Utvalseiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 9/2024 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 21. november.:

Levekårsutvalet tek orienteringane til vitande.

## PS 37/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 - innspel

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Medverknadsråda/Arbeidsmiljøutvalet gjev sine innspel til budsjett og økonomiplan.

Handsaming i Eldrerådet - 06.11.2024 av sak 19/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -:

Vedtak i Eldrerådet - 06.11.2024 av sak 19/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -:

Handsaming i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.11.2024 av sak 22/2024  
Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -:

Framlegg til budsjett vart presentert av kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og økonomi og HR-sjef Odd Harald Dommersnes.

Lenke til budsjettframlegg i Framsikt: Handlings- og økonomiplan 2025-2028 -Budsjett 2025

Framlegg til vedtak i møte:

Innspel til budsjett for 2025:

1. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det vert innført ein form for oppmuntringspengar til brukarar på Arbeidssenteret. Dette var ei tidlegare ei ordning til stor glede for brukarane. Det er ikkje snakk om stor kostnad, men ein symbolsk sum pr. veke til dei 5-6 brukarane på Arbeidssenteret.
2. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at gang- og sykkelvegen frå Austrheimhallen til Vikane blir teke med plan og budsjett for vegvedlikehald for 2025, spesielt med tanke på universell utforming.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.11.2024 av sak 22/2024  
Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -:

Innspel til budsjett for 2025:

1. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det vert innført ein form for oppmuntringspengar til brukarane på Arbeidssenteret. Dette var ei tidlegare ei ordning til stor glede for brukarane. Det er ikkje snakk om stor kostnad, men ein symbolsk sum pr. veke til 5-6 brukarar på Arbeidssenteret.
2. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at gang- og sykkelvegen frå Austrheimhallen til Vikane blir teke med plan og budsjett for vegvedlikehald for 2025, spesielt med tanke på universell utforming.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 14.11.2024 av sak 24/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -:

Framlegg til budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vart presentert av Økonomi og HR - sjef Odd Harald Dommersnes.

Lenke til Budsjett 2025, økonomiplan for 2025-2028 i portalen Framsikt:

[https://pub.framsikt.net/2025/austrheim/bm-2025-h%C3%B8p\\_25-28#/home](https://pub.framsikt.net/2025/austrheim/bm-2025-h%C3%B8p_25-28#/home)

Framlegg til vedtak i møte:

1. Ved oppstart av arbeid med budsjett 2026 og økonomiplan skal det orienterast i samarbeidsmøte/IDF (Informasjon, drøfting og forhandling) mellom kommunedirektør og dei hovudtillitsvalde om prosessen vidare i arbeidet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 14.11.2024 av sak 24/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 -:

Innspel til budsjett for 2025:

1. Ved oppstart av arbeid med budsjett 2026 og økonomiplan skal det orienterast i samarbeidsmøte/IDF (Informasjon, drøfting og forhandling) mellom kommunedirektør og dei hovudtillitsvalde om prosessen vidare i arbeidet.

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 37/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 - innspel:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef Trine Merete Jansen og kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om budsjett og økonomiplan, jamfør saksframlegget. Det vart vist ein presentasjon som samanfatta framlegget til budsjett- og økonomiplan.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 37/2024 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 - innspel:

Levekårsutvalet tek orienteringa om budsjettarbeidet til vitande.

## PS 38/2024 Val av vararepresentant - medlem til arbeidsgruppe for vurdering av ny plassering av motorcrossbana

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet vel XX XX som vararepresentant for Oscar Føyen, til arbeidsgruppe - vurdering av ny plassering av motorcrossbana.

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 38/2024 Val av vararepresentant - medlem til arbeidsgruppe for vurdering av ny plassering av motorcrossbana:

Helge Dyrkolbotn går inn som vararepresentant i medlem til arbeidsgruppe for vurdering av ny plassering av motorcrossbana.

Utvalseiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 38/2024 Val av vararepresentant - medlem til arbeidsgruppe for vurdering av ny plassering av motorcrossbana:

Helge Dyrkolbotn går inn som vararepresentant i medlem til arbeidsgruppe for vurdering av ny plassering av motorcrossbana.

PS 39/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til at tomt 1 og tomt 4 blir prioriterte som dei mest aktuelle lokasjonane for bygging av nytt helsetun.
2. Kommunestyret ber administrasjonen gjennomføre ei vidare utgreiing av dei to prioriterte tomtene, i tråd med sak; PS48/2024

Handsaming i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 39/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om budsjett og økonomiplan, jamfør saksframlegget.

Bjarte Rosenlund viste til at det så langt berre er gjort mulighetsstudiar, og at ein ikkje kjenner så nøye til kostnadene ved dei ulike alternativa enno, med tanke på infrastruktur med meir.

Levekårsutvalet diskuterte ulike alternativ for tomteval, der det eine alternativet uansett er 4 med ombygging av dagens Nordliheimen, og der det skal peikast på eitt alternativ til.

Kommunalsjef Rosenlund sa at ein til neste møte kan ta fram tidlegare vurderingar kring infrastruktur, miljøgate med meir, for dei ulike alternativa.

Det var semje om eit nytt framlegg til vedtak, som tilråding frå Levekårsutvalet:

Levekårsutvalet tilrår å sjå vidare på alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen. Levekårsutvalet tar ei synfaring av aktuelle tomtealternativ i samband med neste møte.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for nytt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 21.11.2024 av sak 39/2024 Val av tomt for nytt helse- og omsorgstun - prioritering av to aktuelle alternativ.:

Levekårsutvalet tilrår å sjå vidare på alternativ 1 og 5 for eit nybygg, i tillegg til alternativ 4 for nybygg i kombinasjon med dagens sjukeheim, Nordliheimen. Levekårsutvalet tar ei synfaring av aktuelle tomtealternativ i samband med neste møte.

